



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
15/202530-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.10.2016

### Vurdering av motsegn – Reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til epost mottatt 7. september 2016 med nytt planframlegg for reguleringsplan for Manger Industriområde Kjebogen i Radøy kommune.

#### Kva saka gjeld:

Statens vegvesen fremja motsegn til planen i brev sendt Fylkesmannen i Hordaland 13.01.2016. Motsegna var fremja mellom anna med omsyn til trafikktryggleiken i området. Vi meinte at planområdet måtte utvidast slik at det omfatta Fv. 410 fram til bustadområdet Selfallet. Vi hadde i tillegg merknader til planen om byggjegrænse og utforming av kryss.

Det var dialogmøte mellom kommunen og Statens vegvesen i regi av Fylkesmannen i Hordaland 20.01.2016. I etterkant av dialogmøtet vart det sendt oppsummering frå dette møtet i e-post frå Egil Hauge datert 25. januar 2016:

*Fylkesmannen legg til grunn at Radøy kommune og Statens vegvesen vil ha ein vidare dialog i denne saka, med sikte på å finne ei løysing som kjem i møte motsegna som Statens vegvesen har fremja. Vi ber om å verte varsla om utfallet av denne dialogen, slik at Fylkesmannen om naudsynt kan vurdere motsegnsspørsmålet på nytt.»*

Det vart satt opp møte mellom kommunen og Statens vegvesen 29. februar 2016, men møtet vart avlyst frå kommunen si side. Det har etter dette ikkje vore vidare kontakt med kommunen i saka før vi fekk e-post frå dykk 7. september.

#### Statens vegvesen si vurdering av planframlegget:

Det sentrale punktet i vår motsegn har vore omsynet til trafikktryggleiken i området mellom bustadområda ved Manger og friluftsområdet ved Trettholmen. Vi har meint at planområdet må utvidast til også å gjelde fv. 410 mot Selfallet. Dette med bakgrunn i den dårlege standarden fylkesvegen har på denne strekninga, og at vegen manglar tilbod til gåande og

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

syklende. Vi har også skissert kva vegstandard kommunen kan legge til grunn for vidare planlegging.

Det er vårt syn at kommunen og plankonsulent har poengtert at det var ei hastesak å få ferdigstilt planarbeidet, og at det ikkje var tid til å utvide planområdet slik vi bad om. Vi meinte på bakgrunn av dette at vi kunne gå i dialog for å finne ei løysing i ei krevjande situasjon for kommunen. Vi meinte at det var grunnlag for vidare drøftingar dersom vi kunne verte einig i forpliktande krav til regulering av omtalte veg til Selfallet.

For å komme i møte vårt krav om utviding av planområdet er det utarbeidd eit rekkefølgjekrav pkt 1.7.4 i det nye planframlegget:

*«Det kan ikkje førast opp nye bygg i delfelt B12 før fylkesveg 410 er opparbeidd med fortau frå planområdet og fram til eksisterande fortau ved Selfallet. Betring av vegen utløyser krav om detaljplan».*

Statens vegvesen meiner ordlyden i dette rekkjefølgjekravet er tilsvarande det som var på høyring i januar 2016 og som vi hadde motsegn til. Rekkjefølgjekravet dekkjer ikkje vårt krav om utviding av planområdet i tilstrekkeleg grad. Dette gav vi også uttrykk for i vårt motsegnsbrev til Fylkesmannen. Vi stiller også spørsmål med om kvifor B13 er utelatt frå rekkefølgjekravet.

Med bakgrunn i den lange tida som er gått sidan dialogmøtet er vår oppfatning at hasteaspektet i saka no ikkje lenger er til stades, og at det difor ikkje lenger er grunnlag for å fråvike punktet om å regulere vegen fram mot Selfallet. Dette gjeld alle delfelt i planområdet.

Når det gjeld merknad om ny kryssløysing mellom o\_SKV1 og f\_SKV2, samt byggjegrænse mot fv. 410 er dette tilfredstillande løyst.

Statens vegvesen vil gjerne møte kommunen og ha ein dialog om det vidare planarbeidet. Det kan vere nyttig å få meir informasjon om kor saka står i dag og om det er same tidspress i høve til å etablere arbeidsplassar.

Vi vil også presisere at motsegna aldri har vore trekt frå vår side, slik det står i e-post frå dykk datert 7. september, og at brevet som vart sendt frå oss til Fylkesmannen 13.01.2016 framleis står ved lag.

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER